# 11. Sokneradsmøte 2016 6. desember – Referat

## Mat:

AU – Arbeidsutvalet for soknerådet. Møter kvar månad ca 1 veke før soknerådsmøtet. Tar unna saker av meir forretningsmessig karakter.

SR – Soknerådet

FR – Klepp kyrkjelege fellesråd

NaMu - Naturlig menighetsutvikling

ADU – AdministrasjonsUtvalget for fellesrådet- består av kyrkjeverge, to frå fellesråd og to tillitsvalte

| **Sokneråd FOK** | **Tilstade:** | **Merknader / Vararepresentant:** | **Ansvarsområde** |
|---|---|---|---|
| Jon Lende | X | Leiar av soknerådet | Representant til fellesrådet |
| Helen Hetland Mori | X | Nestleiar soknerådet | |
| Karl Inge Lygre | X | | Representant til Stiftelsen . 2. vara til fellesrådet |
| Torill Brådland | | | Oppfølging av barnearbeidet |
| Bjørg Mikalsen | X | | Oppfølging av ungdomsarbeidet.<br>Representant til fellesrådet |
| Bjørg Nese | X | | 1. vara til fellesrådet |
| Sigbjørn Sørland | X | 1. vara møter fast | Representant til Livspust – diakonigruppa. |
| **Stab FOK** | | | |
| Morgan Fjelde | X | Sokneprest | |

Frøyland & Orstad kyrkjelyd

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ingunn Matre | X | Dagleg leiar | |
| | | | |

| | |
|---|---|
| | Delerunde og bønn |
| Sak : 75-16 | Godkjenning av innkalling . Innkalling godkjent med tilføying av ei sak – offer for 2017 |
| Sak: 76-16 | Godkjenning av referat frå møte 15.november . Referat godkjent med nokre få språklege justeringar.<br><br>**Orienteringssaker :**<br><br>1. Orientering frå stab. Flott talentiade på FOKUS sist fredag, ca 350 ungdommer var innom og 10 flotte innslag. Veldig god innsats av ungdomsleiarane. Brev sendt til fellesrådet om oppretting av stilling 40 % trusopplærar. Status på oppgradering av NERE til enda betre lokale for born og ungdom ( bruk av gåve på 150.000). Tilbod på kafeløysning i del nærmast inngangsdør. God skisse til løysning for ballrom i lager som Stiftelsen vil ta kostnad på. Neste veke er det julevandring med alle barnehagane på Frøyland og Orstad. Frøyland ungdomsskule har julegudstjeneste 16. desember , Elisa leier og taler. Orstad skule har julesamling måndag 19. desember. Julafta – Morgan planlegg med Ruben som leiar det musikalske.<br><br>2. Givartenesta for oktober : Kr 127.600<br><br>3. Orientering om arbeid med ny logo. Ruben Omdal har arbeida fram ulike forslag, Morgan viste det som han ser på som mest aktuelt pr no, men ingen vedtak vart gjort om endring i dette møtet. |
| Sak : 68 -16. | **Val av leiar og nestleiar i soknerådet**<br><br>Leiar og nestleiar skal veljast på nytt kvart år innan 1. januar. Skriftleg val blant medlemmene i soknerådet.<br><br>**Vedtak:**<br><br>Jon Lende og Helen Mori vart attvalde einstemming til respektive leiar og nestleiar. |

| | |
|---|---|
| | |
| Sak 70-16 | **Arbeid vidare med mål for Frøyland og Orstad kyrkje for dei neste 5 åra**<br><br>Målet i dette møtet er å bli einige om 5-års målet , og velja ut 3-4 delmål med 3-årshorisont.<br><br>Helen sender ut forslag til formulering av 5-årsmålet innan tysdag.<br><br>Viktig at vi deler gleda av å få arbeida med dette i soknerådet – dette er noko av det viktigaste arbeidet som SR gjer i denne 4-års perioden.<br><br>Spørsmål om dokumentet « Vårt oppdrag « er ferdig . Vi ser på dette som så ferdig at vi kan bruke det som et grunnlag for målarbeidet videre. Det som manglar her er ein strategi for korleis vi kan kommunisera dette ut. Tanken er at dette skal være på eit format som eignar seg på web, av ventar ei ny web-plattform som Ruben arbeidar med.<br><br>**Gjennomgang av 5-årsmålet**<br><br>Helen har gjort ein veldig god jobb med å formulera dette, har sikta på eit litt meir biletleg språk enn ho vanlegvis ville gjort.<br><br>Starten er veldig god, men litt diskusjon om det er rett å ta med ein slik beskriving av nå-situasjon i ei målformulering. Kan einast om at den vert ståande , viktig at det er lett å kommunisera kor vi er og kvifor vi ikkje kan blir værande med den statusen over lengre tid.<br><br>**Er det noko som manglar ?**<br><br>Det mangler noko rundt det å beskriva fellesskapet.<br><br>Arbeid vidare med dette. Helen får notata frå dagens møte og stabsmøtet der det også vart lagt inn nokre forslag til endringar. Arbeidar fram endra fomulering til møte med NaMu –rådgjevar Ommund Rolfsen onsdag 14. desember.<br><br>Det vart delt inn i to grupper som jobba med formulering av 3-årsmål<br>Forslaga frå dei to gruppene :<br><br>1) Alle skal kvar dag ta nokon på fersken i å gjere noko bra, og la dei få vita dette.<br>2) Vi skal ha Varme relasjoner score på over 65 i Namu – undersøkelsen<br>3) Gudstjenesta skal ha et gjennomsnitt på 70 i dei gudsteneste-relaterte spørsmåla i NaMu<br><br>1) Ha 3 fungerande vertskapsteam som byter på gudstjenesta og strukturar som gjer det enkelt å få invitere nye med til middag eller tur etterpå.<br>2) Alle deler jevnlig ( minimum vekentlig ) det Jesus gjer i liva våre – vitnesbyrd<br><br>Målarbeidet vert teke vidare i møte med NaMu –rådgjevar Ommund Rolfsen neste veke. |

Frøyland & Orstad kyrkjelyd

| | |
|---|---|
| | |
| Sak 77-16 | **Offerliste for våren 2017**<br><br>Fylgjer framleis prinsippet om<br><br>2 offer pr mnd til Ukraina.<br>1 offer pr mnd til andre organisasjonar, gjerne organisasjonar som folk i kyrkjelyden vår har eit forhold til.<br><br><br>**Vedtak :**<br><br>Den foreslegne lista vert vedteken med mindre ombyttingar på rekkefølgje |